

Vel noko som kan etast, til dømes lever, kålhovud, gulrot, nepe eller nøtter. Skriv di eiga forklaring på at maten heiter akkurat det han heiter.

Veit du kvifor

_____ heiter

_____ ?

Veit du kvifor erter heiter erter?

Fordi ertene ertar så fælt,
tullar og ertar og kiler kvarandre,
gjer narr av kvarandre,
finn på namn,
ler av kvarandre,
fordi dei er så små og så mange,
tullar og trillar
dyttar kvarandre
utfør kanten
så somme hamnar nede på bordet,
nede på golvet
og blir knust under ein tøffel.
Brått har dei komme
ned på tallerkenen min,
hundrevis av dei.
Og eg må ete
kvar einaste ei.
Dei luringane!

Gro Dahle